

## Årsrapport for Strandebarm Sokneråd for året 2022

### Medlemer i soknerådet :

Kåre Milje (leiar), Olav Tombre (nestleiar, skrivar), Åse Sandnes Fosse, Anne Marie Bogetveit Berge, Bodil Stranden, Arne Gjerstad, Torunn Baldersheim, Anne-Kristin Torsnes Fosse og sokneprest Roar Strømme. Frå oktober 2022 sokneprest Vetle Karlsen Eide.

Varamedlemmer: Inger Ljones Måkestad, Lillian Hjartåker Fosse, Lina Chandrike Berge, Siv Ljones, Alvhild Tveitnes

Representantar i Kvam Kyrkjelege fellesråd:

Olav Tombre (vara er Torunn Baldersheim) og Kåre Milje (vara er Anne Marie Bogevik Berge)

**Årsmøtet 2022** vart helde etter gudstenesta 6.mars 22.

**Soknerådet har hatt 7 møter og 44 saker er handsama i 2022.**

### Litt frå års-statistikken (2022 i parentes)

Gudstenester: 26 (31) På Strandebarmsheimen: 0 (0) gudstenester og 15 (12) andaktar.

Døypte: 13 (12) Konfirmerte: 11 (9) Vigsel: 8 (10) Gravlagde: 17 (14)

Samla offer var kr. 51 574 (kr. 46 652).

### Arbeidet i kyrkjelyden

#### Gudstenestene

Vanlegvis har det vore gudstenester annankvar sundag med felles gudstenester for alle sokna i sommarmånadene. Tilsaman har 805 (918) delteke.

Pilgrimsvandring til Holsete var skipa til 6. juni.

Friluftsgudsteneste på Åse var skipa 3. juli. Pga. kraftig regnver, var me inne i gamleløa til Jon Olav og Hildegunn Måge

#### Dåps-samtalar

Dei aller fleste borna i bygdene våre vert døypte i kyrkja, og presten har alltid samtale med foreldre på førehand.

#### Tiltak for born og ungdommar (trusopplæring)

**Babysong:** Dette er for dei aller minste. Også i år var det eit felles-opplegg i Norheimsund kyrkje for alle sokna. Alle i målgruppa i Kvam får tilbodet.

**Krybbevandring i 2022.** 17 born og 3 voksne var med

**4-årsbok:** Boka vart utdelt på gudstenesta 20.november. Det er få 4-åringar i bygdene våre, men alle inviterte (8 born) var med. Pga permisjon/sjukemelding av tilsette, vart det ikkje noko samling i veka før. Samlinga var utsatt til mars 23.

Det er oppmuntrande at 4-åringane og 1. klassingane er medlemmer i kyrkja, og at mange møter opp på tilstellingane.

**Skulestartbok;** Det har vore 2 samlingar for dei som skal byrja på skulen. Ei samling onsdag ettermiddag i kyrkja og så var det utdeling av skulestartbok på gudstenesta 19. juni. Alle i denne aldersgruppa var inviterte (7 born) og alle møtte opp.

**Konfirmant:** 11 konfirmantar

Det var konfirmantsamlingar i kyrkjelydshuset omtrent annakvar veke. Mampion og sokneprest Roar Strømme hadde opplegget.

Konfirmantane var med på fasteaksjonen (Kirkens Nødhjelp) og foreldre/føresette var med å køyrte. Også soknerådsmedlemmar hjelpte til fordi det var så få konfirmantar dette året.

Konfirmantleiren vart skipa på Framnes.

### **Konfirmantjubileet**

Konfirmantjubileumsfest vart avhelde 4. september i Kyrkjelydshuset. 28 jubilarantar deltok.

### **Diakoniarbeid**

Kyrkjekaffi, temakvelder, m.m., er viktige møteplassar for samkjensle og fellesskap.

Soknepresten og organistane har halde fram med samlingar på Strandebarmheimen, som ein samarbeider godt med.

### **Andre arrangement dette året**

Fasteaksjonen 5. april. 9 konfirmantar deltok.

Konfirmasjonsfest for årets konfirmantar vart skipa etter samtalegudstenesta 10. mai.

Avslutningsgudsteneste for sokneprest Roar Strømme vart halde 25. september. Same dag var det Kulturminnedag i Kvam, og Leidulv Berge heldt omvisning og foredrag om kyrkja i Strandebarm.

Ny sokneprest Vetle Karlsen Eide starta som prest 3. oktober.

Sokneprest Vetle Karlsen Eide vart ordinert til prest i Nhsd kyrkje 9. oktober.

Sokneprest Vetle Karlsen Eide hadde si fyrste gudsteneste i Strandebarm 16. oktober.

Uformell adventsamling med mat og drøs, 15. desember.

Juletreff i Kyrkjelydshuset 28. desember, ca 40 deltakarar.

### **Konsertar i kyrkja**

I samband med Kinck-dagane var det flygel-konsert med Ketil Bjørstad laurdag 25.juni.

### **Kyrkjebygget og gravplassen**

Soknerådet er uroa over tilstanden for kyrkja. Det som særleg merkjer seg ut er stoda for kyrkjetaket. Det er ikkje kjent for soknerådet at det har vore særleg vedlikehald på taket sidan kyrkja vart reist i 1876. Det seier seg sjølv at hellefestene difor er dårlegare. Fleire heller på hovudtaket har sege ut av stilling, og at det såleis er god grunn til å tru at det kan vera fare for framtidig nedfall av heller. Dette er grunnen til at gangvegen langs langsiden på kyrkja har vore sperra for ferdsel sidan i haust. Det er også registrert vasslekkasje inn på sutaket, men førebels utan særleg rote. Fellesrådet fekk i 22 utarbeid ein rapport om kyrkjetaka i Kvam, og her er taket på Strandebarm kyrkje omtala til å ha dei største utfordringane både praktisk og økonomisk. Soknerådet lyt prioritera dette arbeidet saman med Fellesrådet.

Vindauga i kyrkjetårnet treng vøla straks. Kittinga på glasa er i dårleg forfatning og det er lekkasje i og kring karmen. For å hindra øydelegging håpar soknerådet at dette vert reparert i 2023.

**Dugnad** på kyrkjegarden 25. april. Dugnaden var initiert av Fellesrådet, men organisert av soknerådet. På kort varsel hadde me ein vårdugnad på kyrkjegarden i Strandebarm. Mange gjorde ein stor innsats et par timar. Folk både frå og utanfor soknerådet. Det vart kosta, raka, klypt buskar, fjerna røter.

### **Kyrkjelydshuset**

Har vore nytta til 13 (2) minnesamvær, 2 (2) dåpsfestar, 1 konfirmasjonsfest , 1 åremålsdag, og fleire samlingar i ulike lag/organisasjonar.

### **Kulturkveld;**

Besøk 30. mai 2022 frå Norheimsund Friskule v. lærar Margun Mikkelsen Tordal, og 25 elevar. Eit program med mykje song og musikk, med tema «Songar i Kyrkjeåret». Innsamling til Ukraina. Rundt 40 fram møtte.

Soknerådet skipa to kulturkveldar i haust:

25. oktober; «Jacob Sande», kåseri ved Toralf Baldersheim

14. november; «Afganistan; Menneskeskjebner jeg møtte», ved Berit Bachen Dahle

### **Kyrkjebladet**

Det kom ut 2 nummer av Kyrkjeblad for Strandebarm i 2022, et til påske og et til jul.

Kyrkjeblad for Kvam har i 2022 vore fulldistribuert også i Strandebarm. I Gravdal, Mundheim og Oma har soknerådet delt ut bladet på dugnad.

### **Kyrkjeleg tilsette i 2022**

Sokneprest i Strandebarm og Vikøy:

Roar Strømme, frå 9. oktober Vetle Karlsen Eide.

Sokneprest i Øystese og Ålvik:

Lars Arne Vik

Kyrkjeverje/dagleg leiar:

Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland

Sakshandsamar på kyrkjekontoret	Inger Karin Tordal
Organistar:	Ulf Krupka og Sevinj Asgarova Øvrehus
Kyrkjetenar:	Monica Sørstrømmen Skogvoll.
Klokkar:	Friviljug dugnad frå mars
Gravar på kyrkjegarden:	Heine Ugletveit

### **Avslutning**

· Soknet sine kulturtilskipingar med låg, kyrkjeleg terskel har gjerne svært stor oppslutnad i Strandebarm, og samlar folk også frå resten av Kvam.

Soknerådet sitt ynskje er at folk skal kjenna seg heime i kyrkja og oppleve at

- der er det rom for alle
- der får ein lytta til song /musikk som kan gje ein noko som er ulikt det ein vanlegvis høyrer
- der får ein høyra gamle tekstar, om ulike menneske sitt forhold til kvarandre, om menneske sitt forhold til Gud og Guds forhold til menneske
- der får ein høyra på bønner som er nære, men også bønner som også får ein til å heva blikket

Strandebarm, 16. mars 2023

Kåre Milje